



## Invitasjon til dialogkonferanse

- 1. Fleksibelt, "grønt" leilegheitsbygg**
- 2. Rehabilitering av Kviteeid skule**



Eit innovativ innkjøp i samarbeid med  
Nasjonalt program for leverandørutvikling

## Innovative anskaffelser

Nasjonalt program for  
leverandørutvikling

**Innhold**

1	Bakgrunn .....	3
2	Målsetting.....	4
3	Behovet .....	4
	3.1. Fleksibelt, urbant "grønt" leilegheitsbygg	
	3.2. Rehabilitering av Kviteseid skule	
4	Gjennomføring av prosess.....	5
	4.1. Samarbeid med Leverandørutviklingsprogrammet	
5	Dialogkonferanse.....	6
	5.1 Program for dagen.....	6
	5.2 Påmelding.....	6

## 1 Bakgrunn

Kviteseid kommune ligg sentralt i Vest-Telemark og har fleire offentlege og interkommunale tenester. Kommunen har eit areal på drygt 700 km<sup>2</sup> og i underkant av 2 500 innbyggjarar. Kommunen sitt administrasjonssenter er i Kviteseidbyen, i tillegg har kommunen to større bygdesenter, Mørkedal og Vrådal, der reiselivet er ein viktig næringsverksemd. E134 og Rv41 er hovudfartsvegane gjennom kommunen. Begge prosjekta er i eller i nærleiken til Kviteseidbyen.

Leilegheitsprosjektet Husstøyl og rehabilitering av Kviteseid skule er to uavhengige byggeprosjekt, og vi ynskjer å kome i ein tidleg dialog om begge prosjekta. Invitasjonen går til entreprenørar, arkitektar, rådgjevingstenester og leverandørar som ynskjer å arbeide med to viktige og spanande prosjekt for Kviteseid kommune.

### 1. Prosjekt Husstøyl:

- Bakgrunn for leilegheitsprosjektet Husstøyl er prosjektet «Kviteseid i framtida». Undersøkingar som vart gjort i prosjektet viser at det er eit behov og eit ynskje om små, sentrumsnære leilegheiter. I sentrum er det etablert ein næringspark som har ein stor tilvekst av bedrifter og utleige av kontorplassar. Fleire av bedriftene planlegg utviding og etterlyser små bueiningar for sine tilsette. Kommunen ynskjer å disponere inntil to leilegheiter til eget bruk for busetting av flyktningar. Skisseprosjektet "Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i Kviteseid" beskriv både bakgrunn og mål for bygget.
- Kommunestyre gjorde dette vedtaket 9. mars 2017:
  - o Kviteseid kommunestyre ber rådmannen jobbe vidare med prosjektet. Målet med prosjektet er å bygge utleigebustader i Kviteseid sentrum. Kommunestyret stiller seg positivt til at prosjektet kan gjennomførast av private utbyggjarar. Rådmannen kjem tilbake med ei sak, når det er henta inn meir informasjon.
- Kommunen ynskjer at prosjektet Husstøyl realiserast snarast mogeleg.

### 2. Kviteseid skule:

- Bakgrunnen for rehabiliteringsarbeidet på Kviteseid skule, gir seg sjølv. Skulen er bygd i 1974-1975. Det er difor behov for ein del modernisering.

Følgjande område er prioritert i dette arbeidet:

- Nytt skulekjøkken
- Ventilasjon - Inneklima
- Energoeffektivisering – Isolasjon
  - o Vurdering av varmegjeninnningsanlegget i Kviteseidhallen, og bruk av dette til oppvarming av både hallen og skulen.

Generell opprusting, maling av vegger og tak mm.

- Eventuell utviding av areal, dersom dei økonomiske rammene strekk til. Vi treng fleir grupperom.
- Det er eit mål å gjennomføre arbeidet samstundes som skulen skal drive undervisning.

Kostnadsramma for prosjektet er iht budsjett/økonomiplan:

- 2017 Kroner 240.000,- eks. mva
- 2018 Kroner 12.800.000,- eks. mva

## 2 Målsetting

1. Prosjekt Husstøy er å bygge eit bærekraftig, fleksibelt leilegheitsbygg for utleige.
2. Kommunen vil rehabiliter Kviteseid skule til å bli ein skule som dekker dagens og framtidas krav til plass, luftkvalitet og ha ein miljøvenleg og energieffektiv oppvarming.

Delmål for begge prosjekta:

- materialval og byggemåtar som gje eit så lågt klimafotavtrykk som mogeleg, og krav til kostnadseffektiv investering og drift over bygga sine livsløp.
- framtidsretta tekniske løysningar for alle tekniske anlegg i bygga. Det skal sikrast optimalt inneklima og låge driftskostnadar.

Kommunen tar også imot andre innspel som kan være relevante for å kunne realisere framtidsretta, miljøvenleg og energieffektiv leilegheitsbygg/skule med gode og fleksible teknologiske løysningar. På same tid er det vesentleg for kommunen at løysningane gje rom for kostnadseffektiv investering og drift over bygga sine livsløp.

## 3 Behovet

### 1. Prosjekt Husstøy:

- Det er ein føresetnad at bygget blir bygt i tre og kommunen ser gjerne at massivtre blir bruka og at det er kriteriene for passivhusstandard som ligg til grunn. Vi ynskjer å sjå på mogelegheitene for jordvarme og oppvarming via solcellepanel.
- I tillegg til å dekke kommunen sitt behov for uteleigebustadar er det eit ynskje om at bygget gje ein signaleffekt både innan funksjonalitet, design og energiforbruk.
- Bygget kan brukast til fleire funksjonar. Det kan vera som ein sosial møtestad for dei som leiger, ekstra soverom for gjester eller for utleige til turistar. Kommunen vil òg vurdere eit eventuelt kommunalt kontor.
- Det skal leggast til rette for lading av el-bilar og ein ser for seg utleige av el-bilar til dei som leiger leilegheit, kommunalt tilsette eller næringslivet i Kviteseid.
- Det skal utarbeidast fleire parkeringsplassar på kommunal grunn som kan disponerast av leidgetakarane.

### 2. Kviteseid skule:

Ved Kviteseid skule er det viktig å løyse flest mogleg av dei oppgåvane som er skissert i bakgrunnen for prosjektet.

Kommunen forventar at ein gjennom dette prosjektet får ein skule som blir meir energieffektiv.

Det er eit mål at både elevar og lærarar skal oppleve at skulen har vorte ein betre plass å vere på.

## 4 Dialogprosessen

### 4.1 Samarbeid med Nasjonalt program for leverandørutvikling.

Kviteseid kommune samarbeider med Nasjonalt program for leverandørutvikling i gjennomføring av dialogfasen.

Leverandørutviklingsprogrammet er ein pådrivar for at offentlege innkjøp skal bli eit verktøy for innovasjon og omstilling, både i offentlig sektor og i næringslivet. NHO, KS og Difi er programeigarar. Fleire departement, store statlige verksemder og sentrale aktørar som Innovasjon Noreg og Forskningsrådet, samt dei største bykommunane, er partnarar. Sjå for [www.leverandorutvikling.no](http://www.leverandorutvikling.no).

Program for leverandørutvikling bruker ein metodikk som legg opp til eit samspele mellom det offentlege og leverandørane. Kjernen i samspelet er dialog i forkant av konkurransen. Formålet med dialogen er å få idear og innspel frå marknaden til alternative og innovative løysningar for å dekke oppdragsgjevars behov.

Dette vil sette oppdragsgjevar betre i stand til å utarbeide konkurransegrunnlaget. Samtidig får leverandørane informasjon om oppdragsgjevars behov, slik at dei blir betre førebudd på å levere tilbod, og eventuelt utvikle nye og betre løysningar.

Leverandørdialogen annonserast opent på Doffin (veiledande kunngjering) og består av ein dialogkonferanse med påfølgjande ein-til-ein-møter. Alle interesserte har høve til å melde seg på konferanse og/eller ein-til-ein-møta. Deltaking ved dialogkonferanse og/eller ein-til-ein-møter er ikkje ein føresetnad for å kunne delta i den komande anbodskonkurransen.

### 4.2 Gjennomføring av dialogprosessen

Formålet med dialogkonferansen er å få innspel frå leverandørane på korleis Kviteid kommune kan nå målsettingane som beskrive i kap.2 og 3 på ein best mogeleg måte.

På bakgrunn av denne opne dialogkonferansen inviterast leverandørar til å kome med idear og forslag til korleis vi best kan løyse våre behov. Målet er å få mest mogeleg kunnskap om mogelegheitsrommet og alternative løysingar som fins i marknaden.

Det er ynskeleg at tilbakemeldingane er på eit overordna og mest mogeleg funksjonelt nivå. Dei som ynskjer å presentere sine løysingsforslag vil få høve til å sende inn ein skriftleg forklaring på maksimum 4 sider, samt ein munnleg presentasjon av sitt forslag til løysing i ein-til-ein møter, (sjå tidsplan nedanfor). Det er også mogeleg å sende inn svar på dei nemnte utfordringane utan å delta i ein-til-ein møta. Ein til ein møta *kan* gjennomførast på Skype.

**Tidsplan**

Tid	Aktivitet
15.mai	Frist for påmelding Dialogkonferanse
22.mai	Dialogkonferanse
2.juni	Frist for innspel og påmelding ein-til-ein-møter
Uke 24	Ein-til-ein-møter- Kviteid kommunehus eventuelt via Skype

Informasjonen som vi får frå ein til ein – møta vil bli nytta som eit grunnlag for å utforme konkurransegrunnlag, og til å vurdere kva for framgangsmåtar som er best eigna for å gå til innkjøp av den beste løysinga for å dekke det behovet Kviteid kommune har.

## 5 Dialogkonferanse

Formålet med dialogkonferansen er å presentere Kviteseid kommune sitt behov og motivere marknaden til å utvikle framtidsretta løysninga. Samtidig ynskjer Kviteseid kommune innspel frå marknaden på korleis leverandørane ser for seg at behova best kan dekkas.

Då det i prosjektet Husstøyl er en føresetnad at det skal byggast i tre er det ønskeleg at leverandører som har en intensjon om å delta i konkurransen i dette prosjektet deltar på konferansen «Bygg i tre» som er same dag, før Kviteseid kommune sin dialogkonferanse.- Det vil være et krav om å ha kompetanse i å bygge i tre i dette prosjektet, og denne dagen vil kunne være en del av det å oppfylle det kravet. Konferansen er på same sted som dialogkonferansen, og det vil her vere mulighet for også å møte andre kommuner i Vest-Telemark som har ambisjoner om å bygge i tre i fremtiden. Meir informasjon og påmelding til "Bygg i Tre"- konferansen finn de her.

<https://goo.gl/forms/lqAQaxmCgJHELkO92>

Programmet er også vedlagt i denne veiledende kunngjøringen.

### 5.1 Program for dagen

Dato: 22.mai 2017

Stad: Quality Straand hotell, 3853 Vrådal

#### Program

Tidspunkt	Beskrivelse
15:00 - 15:15	Registrering & kaffe – enkel servering
15:15 – 15:30	Velkommen – Mål for dagen v/ordførar
15:30 - 15:45	Om leverandørdialog og forventningar til interessentane i dialogfasen v/ Cecilie Møller Endresen, Leverandørutviklingsprogrammet, BTV regionen
15:45 - 16:30	Om behovet i prosjektet v/Kviteseid kommune v/rådmann
16:30 – 17:00	Dialog og diskusjon om kommunens problemstillingar og konkrete utfordringar. Spørsmål og svar.
17:00 – 17:15	Vegen vidare
17:15 –	Avreise for synfaring til Kviteseid sentrum

### 5.2 Påmelding

For påmelding og spørsmål til konferansen kontaktast rådmann Øystein Tveit:

E-post: [oystein.tveit@kviteseid.kommune.no](mailto:oystein.tveit@kviteseid.kommune.no)

Tlf. 35068136/90086575

**Frist for påmelding er 15.mai 2017**

Kviteseid kommune ber om at det i påmeldinga opplysast om namn, firma og kontaktinformasjon (mobil og e-postadresse).

Vedlegg:

| Skisseprosjekt Husstøy!  
Programmet for Vest-Telemark sin "Bygg i tre"-konferanse